

# **ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER FOR 2016 – 2020**

**Vedtatt av Time kommunestyre i sak 005/16 den 02.02.2016**

## **I. Generelt**

Time kommune skal stå for ein alkoholpolitikk som tek både helse-, sosial-, kultur- og næringspolitiske omsyn, i tråd med formålet i alkohollova.

Dei alkoholpolitiske retningslinene for sals- og skjenkepolitikken skal medverka til mest mogleg føreseileg og lik behandling av søknader og reaksjonar etter kontroll med sals- og skjenkestadene.

## **II. Sals- og skjenkeløyve i kommunen**

### **II. a Felles**

1. Time kommune skal føra ein bevisst løyvepolitikk for sal og skjenking av alkohol i kommunen.
2. Eksisterande sals- og skjenkeløyve skal gjelde vidare utan ny søknad fram til 30. september 2020, jf. alkohollova § 1-6 tredje ledd.

Før løyva blir forlenga vil kommunen innhente uttale frå politiet. Dersom politiet har merknader som kan tyde på at ein sals- eller skjenkestad ikkje lenger oppfyller krava til vandel i alkohollova § 1-7 b og § 1-7 a første ledd, vil dette løyvet ikkje bli forlenga. Den aktuelle sals- eller skjenkestaden må søkja på nytt innan den frist som blir sett av kommunen.

Ved forlenging av løyve for skjenkestader utan matservering (t.d. barar, pubar og diskotek), gjeld krava til aldersgrenser som nemnd i punkt II b nr 8.

Formannskapet kan gje løyve for sal og skjenking til stader som ikkje er omfatta av første ledd for ein periode på 4 år, f.o.m. 01.07.2016 t.o.m. 30.9.2020.

3. Kontrollen med bruken av løyva vert utført av Rogaland Brann og Redning IKS og utval for levekår.
4. Eit *alminneleg* sals- eller skjenkeløyve kan ikkje takast i bruk før styrar og stadfortredar for styrar har bestått kunnskapsprøva om alkohollova, og er endeleg godkjent jf. alkohollova § 1-7 c tredje ledd.
5. Dei som får sals- eller skjenkeløyve pliktar å gje kommunen årleg oversikt over omsetning / reviderte rekneskapstal.
6. Løyvegebyret for løyve til skjenking ved eit enkelt høve og ambulerande løyve blir sett i samsvar med reglane i alkoholforskrifta § 6-2 andre ledd andre setning. Per 1. januar 2016 er gebyret kr. 340,- per gong.

7. Innehavare av sals- og skjenkeløyve må sørge for at krava til internkontroll i alkoholforskrifta kap. 8 blir følgt.

## **II. b Skjenkeløyve**

1. Definisjonar:

Alminneleg skjenkeløyve 1: Alkohol med volumprosent alkohol t.o.m. 60

Alminneleg skjenkeløyve 2: Alkohol med volumprosent alkohol under 22

2. Det kan etter søknad gjevast alminneleg skjenkeløyve for øl, vin og brennevin til spisestader og skjenkestader i Time.

Alminneleg skjenkeløyve må søkjast for kvar skjenkestad, også om dei er lagt til same bygg og vert drive av same driftsselskap.

Det kan ut frå ei konkret vurdering gis alminneleg skjenkeløyve til spisestader som ligg i kjøpesenter dersom dei er fysisk (bygningsmessig) avskilde frå fellesareala og opne rom i kjøpesentra.

3. Time kommune har 10 ambulerande skjenkeløyve som vert disponerte av rådmannen, og som kan nyttast for eit enkelt høve til deltakare i slutta selskap, jf. alkohollova § 4-5.
4. Det kan gis skjenkeløyve for ein bestemt del av året og for eit bestemt høve etter alkohollova § 1-6 andre ledd siste punktum.

Som eit bestemt høve forstår me mellom anna faste festivalar som er meint for store deler av innbyggjarane i Time kommune og andre kommunar. Vidare vil markeringar av jubileum kunne gi rett til skjenkeløyve som ”eit bestemt høve”. Også nasjonale og internasjonale meisterskap eller andre større arrangement, t.d. større konserter med kjende nasjonale eller internasjonale artistar, bli rekna som eit bestemt høve i høve til alkohollova § 1-6 andre ledd, § 4-2 og § 4-4.

I samband med festivalar er det berre skjenkestader med alminneleg skjenkeløyve som kan få skjenkeløyve for eit bestemt høve, t.d. for å utvida skjenketida eller skjenka på andre område enn skjenkelokalet. Normalt vil det ikkje bli gitt rett til utvida skjenketid ved jubileum.

Frivillige lag og organisasjoner kan få skjenkeløyve etter alkohollova § 1-6 andre ledd siste punktum til lokale arrangement.

Det skal utpeikast ansvarleg styrar for skjenkeløyvet. Ved mindre arrangement kan kommunen bestemma at det er tilstrekkeleg med opplysningar om ein kontaktperson. Ved større arrangement skal skjenkestyrar ha godkjent kunnskapsprøve, sjølv om det ikkje er ein skjenkestad med ordinært løyve som står for skjenkinga.

I tilfelle som ikkje er nemnde her avgjer rådmannen kva som er ”eit bestemt høve”, i tråd med desse føringane.

5. Den som får alminneleg skjenkeløyve 1 kan skjenka innan følgjande tider:

Drikk med volumprosent alkohol over 22: Måndag til sundag kl. 13.00 – 01.30

Drikk med volumprosent alkohol under 22: Måndag til sundag kl. 08.00 – 01.30

Den som får alminneleg skjenkeløyve 2 kan skjenka innan følgjande tider:

Drikk med volumprosent alkohol under 22: Måndag til sundag: kl. 08.00 – 01.30

Skjenkestaden må stengja seinast 30 minuttar etter at skjenketida er gått ut.

Normaltidene for skjenking i Time kommune gjeld også for løyve gitt etter alkohollova § 1-6 andre ledd siste punktum og § 4-5.

Det er høve til å søke om utvida skjenketid for eit bestemt høve, jf. alkohollova § 4-4 tredje ledd.

6. I vurderinga av om det skal gis alminneleg skjenkeløyve for alkohol, skal det takast særleg omsyn til om skjenking kan vera uehdig for oppvekstvilkåra for barn og unge. Som hovudregel vert det ikkje gitt alminneleg skjenkeløyve til:
  - oppvekst / bustadområde utanfor sentrumsområda
  - gatekjøkken / storkiosk
  - idrettshallar / helsestudio og andre idrettsanlegg
  - aktivitets- / fritidssenterDet blir heller ikkje gitt skjenkeløyve til stader som har stripping eller liknande som ein del av underholdningstilbodet/driftskonseptet.
7. Eventuelle endringar i skjenkestaden sitt konsept skal meldast til, og godkjennast av, Time kommune før endringa.
8. For skjenkestader utan matservering skal aldersgrensa vera 18 år etter kl. 23.00.
9. Det må sendast inn eigen søknad om uteservering. Utforminga av uteområda må vera i tråd med kommunen sine retningsliner for utforming.
10. Kommunen kan setja som vilkår at skjenkestaden skal ha dørvakt dersom dette er tilrådd frå politiet.

## **II. c Salsløyve**

1. Salsløyve for øl og annan alkoholhaldig drikk som inneholder over 2,5 t.o.m. 4,75 volumprosent alkohol kan gjevest til daglegvareforretningar og spesialutsal i Time ettersøknad.
2. Sal og utlevering av øl m.m. som nemnd i pkt. 1 kan skje innanfor følgjande tider:

Måndag – fredag: kl. 0800 – 2000

Dag før sør- og helgedag, unntatt kristi himmelfartsdag: kl. 0800 – 1800

Det er tidspunktet for betaling i kassen som er avgjerande.

Sal av øl og annan alkoholhaldig drikk skal ikkje finne stad på sør- og helgedagar, 1. og 17. mai.

Om kva som reknast som helgedagar, sjå helligdagfredlova § 2.

Det vert ikkje gitt salsløyve for sal av øl på internett eller for levering heim til kjøper.

3. Salsløyve for brennevin, vin og øl med alkoholinnhald over 4,75 volumprosent kan gjevast til AS Vinmonopolet. Departementet har fastsett at Time kommune har høve til å gi AS Vinmonopolet løyve til eit utsalstad i kommunen. Departementet fastset opningstidene for AS Vinmonopolets utsalstader.

### **III. Reaksjonsformer ved brot på alkohollova - Prikktildeiling**

Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk (alkoholforskrifta) av 8. juni 2005 nr 538 § 10-1 til 10-6 regulerer uttømmande reaksjonar ved brot på alkohollova med forskrifter. Reglane trådte i kraft 1. januar 2016 og gjeld overtredingar frå denne dato.